

Engerneset p.å (pr. Rena) 6.-11. - 1956. Hedmark  
Tysse.

Hv. Andreas Røpeid!

Emne nr. 12. Med tilføire av brevet Dykkar dagsett  
30 okt. i år, kjem eg her med noen merk-  
nader. Ymse slag rubbgras (grovgras).

"Bötn-gras" (ca 1 m. högt) = Mjödurt { *Filipendula*  
(Bötn = botn). *ulmaria*.

"Lushatt" eller (ca. 40-50 cm. hög) = Skogstorkenebb { *Geraniaceae*  
"Små-lushatt" *silvaticum*

"Stor-lushatt" (1-1½ m. hög) = Stormhatt eller Tyrhjelm { *Aconitum*  
*cammarum* (?)

I slike rubb veks nok og stundom:

"Eld-mörkje" (ca. 1 m. hög) = Geiterams { *Epilobium*  
(Eldmörkje) *angustifolium*

"Torte" = Turt { *Mulgédium*  
*alpinum* (?)

og dertil stundom meir eller mindre  
av ~~gr~~ slike plantar som  
Vendelrot, Slökkje, (kvanne) - og mo-  
gleg anna grovt gras.

E. Storbek har sikkert nytta ordet grovgras som ei  
samnemning for å forklare eller gjøre lettare skjøn-  
leg uttrykket rubbgras. Altså rubbgras = grovgras.

Når det etter Erling Storbek er notert: "På  
utslåttane voks det oftast grovgras," - o. s. b.

så er uttrykket oftast her for sterkt og bør bli modifisert til ofte. For utslåttane var ~~noke~~ vel så ofte myrslåttar og enge-slåttar (slått på strender) og desse 2 sistnemde utgjorde sikkert mye større arealer) og gav ei større formengd ~~med~~ enn rübbslåttene.

På typisk myrslått veks ikkje rübbgras, og heller ikkje på typisk engslått.

For engslått i brukare meining er å-<sup>og</sup>elv- (og kanskje stundom sjö-) strender noentunde eller heilt frie for skog (i folkemålet et enge, og straks ein høyrer ordet, tenkjer ein på opne, graskledde strender ved å og elv).

Reitt nok kan jordbotnen vera ulik på ymse enger, frå mager, skarp jord på høge turre enger til rå og mjuk mold på lagre enger. Men ein tenkjer seg da stort sett likevel eit fastare jordsmann på eit enge enn på ei myr. \* Og eit enge tenkjer ein seg liggjande frammed eit ope vassfar.

\* Riktignok har eg sett gamle eigedomspapirar frå trekkur der es personleg er kjent, - der myrslåttar i papirene er kalla engeslåttar. Det kan vere fleire grümmar til det. Har "høgre" ombodsmenn forma dokumentet, kan det vere at dei ikkje kjente så vel alle spesifiserte nemningar frå dagleg-talen. Enge var eit uttrykk dei kjente, og det var for deim først og framst eit stykke jord i utmarka der det voks gras. Ein myrslått kan og høva inn i den så vidfemmande definisjon, så forsevidt gjekk det an å kalle ein myrslått et enge. Dei som kjøpte og selde ville helst ha minst mogeleg grümming, - og framforalt unnga det som høgre ombodsmenn kunne finna på å ha som tendens til kritikk. Bøndene godtok uttrykket om det enn ikkje var presis. Namnet var jo der, og kjøper og seljar visste kva område det gjaldt.

Utslått er den store samnemninga for all slått på uodla mark utafør innhegninga (skigarden) om jordet. (Jordet = heimebain. Det var jo gjerne mein eller mindre gras like ved hústaden med skigard ikring). Utafør jordet lå utmarka. Slått (på u-odla jord) i utmarka var utslått.

Ein kunne kanskje ~~å~~ våge å spesifisere utslåttene i a myrslåttar, b engeslåttar (hæi desse har eg gått nærare inn på frammar) og c skogslåttar. I såfall ville rübb-slått koma inn under den siste nemninga.

Men ein lyt vel vera varsam med c. Eg har ein tokke av at definisjonen av nemninga skogslått ikkje er så fast. Somme seier visst no skogslått amlag i same meining som utslått (sam ei stor samnemning). Men skogslått høver for rübb.

Rübb veks helst nær kjelder og bekker (og åer) der det er ein del bråte og ikkje for tørt.

Før i tida låg gjerne "skaten" (toppen av trea) etter skogsdriftene att i skogen og råtna.

På ~~de~~ smale snåver (dei kunne godt vera lange, men ikkje breie) frammed vassfarat vaks rübbgra-

\* Framh. av fotnote side 2: Men sjølv når skyldretfjingsmenn frå det jamne lag av folket forma sine skriv, nytta dei visst iblant uttrykket engeslått om myrslått. Kvifor? - Myra er så ulike. På somme myrer veks så lite gras at dei ikkje høve til slått. Andre er grasrike. Dei høge herrar kjente ordet enge. Det virste ål-mengen. Enge var eit fint ord, myr nytta i lyrisk diktning. Dei høge styresmenn var informert med det ordet. Det ga førestelling om prodig grasvaks mark. Ei grasrik myr kunne likna noe på eit enge, - og uttrykket enge var finare enn myrslått. - - ja-ja, - det kan vera fleire synspunkter som spela inn. -



set, iser om det var granskog der. - Jordbot-  
nen har vel noe å seia --. Vindfall kunne  
på sine stader skapa liknande vilkår som  
dei gamle tømmerdriftene. Rotnande og mork-  
nande trestammer og kvist og bark og bar-  
nål stimulerer voksteren av rübbgras.

Stod det for mye diger gran heilt inn til  
å-faret vart det ikkje så frodig rübb. Trea  
tok for mye. Men på smale snæver ved  
vassfaret 5 - 10 - 15 - 20 meter breie kunne  
det bli frodig med rübbgras.

Bli det for vidt og ape att, store snæver,  
<sup>så vel</sup> det helst anna gras (som t.d. snævene i  
vår tid), - på re mark: myrgras som liknar  
myrgras, og på fastare mark: den mjuke, fro-  
dige, men nokse stutte ryskan (Eg veit ikkje  
i augneblinken kva det grasslaget heiter i flaram).

Men attende til rübb.

Ikkje bare graset (grovgraset) heite rübb,  
men staden der det vaks kunne og bli kalla  
rübb. Ved Rötosbekken i austre Trysil (mellom  
grendene nordre Tanåneset og Flermoen - ca 3 a 3,5 km fra  
kvar av grendene - er eit rübb, som Skilshaug -  
inga på Flermoen brukte å slå for litt lang  
tid attende. Denne ütslätten som elles bare  
var ein raskslätt\*, heiter Skilrübhet den  
dag i dag.

12580

\* Raskslätt = uskyldsett slätt. slätt der slått ikkje alle grünnene.  
Eit mindre område med gras, som ein vanlegvis slo avgiftspritt med skogeiga-  
rens velvilje, eller helst utan å spørja skogeigaren om löyve.  
For skogeigaren let hare graset stå og rötne kor som, og for skog-  
gen var det knapt til noen ülempe at graset vart slege.  
Raskslätt var altså ikkje slätt i den forstand at den som slo alle grünnene.

15280

15280

Underskrivne minnest ~~at~~ <sup>at</sup> da eg som gut var med i gjatleskogen, ~~at~~ <sup>eg</sup> såg frodig rübbgras på Ytre Rønningen ved Finnmyrbekken i austre Trysil, få km. vest for grunda Kvesvollberget. Der var Startuskatten (Tyrhjelmen) høg og frodig i noen bråter som var lagt opp da eieren hadde rüdd litt på slåtten. (Etter slåttanna kunne ein gjate på slåttane).

Ved Ostergrøna i austre Trysil mellom Østby (grend) og Vestergrøn-øret, er ein stad der det veks ùvanleg mykje ~~gras~~ <sup>mykjoddyr</sup> ~~gras~~. Om sommaren kjenner ein godaugen på lang tid, og det er eit grande insektliv der. Staden heiter "Böttengrasbåsen".

Eg bed om orsaking fordi eg har skrive så langt.

Det er mozeleg at dei som arbeider med "Norsk Ordbok" kunne ha interesse av å litte på det. I så fall hürde dei vel fått eit høve — . Eg har litt vondt samvett fordi eg lite og ingenting har gjort der. For mange år sidan sende eg dei ca. 100 ord. — Men det er bare som ein droppe. Men vonleg har dei bette medarbeidarar frå desse kantane.

Etter årsak!

Med vyrdsam helsing

Olaf Teppen.

{ Små ! }  
{ am. } ::

\* Framhald av fotnote side 4: Rask-slått  
Rask -: her i slekt med rusk og rask: <sup>ell.</sup> A raske i hogg  
(småttori)  
= finne litt her og litt der og samle saman. 12580

Leran Harald Halvorsen Tårberget p. å (i  
vestre Trøysil) over Elverum er mye "skarpare"

ennu eg når det gjeld plantelivet i Trøysil.

Så vidt eg veit, skal Halvorsen skrive  
om Trøysil-floraen for Trøysilboka. Har han

ferdig noe av det (- det veit eg ikkje-) kunne  
det kanskje vera somt av interesse der.

Vyrdsamast

O. T.